



Først av alt; Takk til alle dykk som kom på foreldremøtet! Det ligg referat frå møtet på minskole.no/Fister.

Nå begynner me å kjenne oss heime her på Sommarfugl, både store og små. Me er blitt betre kjent med kvarandre, og me har mykje kjekt ilag. Sommaren hadde me og i september, så då fekk me nokre dagar på stranda. Og alle bada(-dei vaksne) Me har laga mat på tur, og me har hatt med oss niste. Me har eit fantastisk uteområde her på Fister, og me har funne fleire favorittplasser☺

Me har snakka mykje om at det er viktig å vera seg sjølv, samtidig som me skal huske på at alle dei andre og må få lov til å vera seg sjølv. Me ser at det av og til kan vera vanskeleg å la andre få ha meiningar, samtidig som me ser at barna har blitt flinkare til å finne utav ting sjølv, når me berre gir dei utfordringa. Det er viktig å gi dei tid til å tenke seg om, i staden for at me vaksne alltid skal ordne opp for dei. Me trur dei lærer meir av å finne løysingar sjølv.

Eit eksempel: 3 barn leika saman, og to av dei ville bli rulla inn i matta. Dei klarte ikkje å bli einige, og bad ein vaksen om hjelp. Barna blei utfordra til å finne utav det sjølv. Etter litt diskusjon fram og tilbake sa ho som sjølv ville bli rulla inn i matta: Eg trur heller han kan få lov, som ikkje har spurt, for då få ingen av oss to som krangla lov! Og alle tre var einige☺

Dei to siste vekene har me hatt tema: Kommunikasjon, språk og tekst. I samlingane har ma hatt regler og songar, og me har fortalt 5 ulike eventyr; Hans og Grete, Grisepassaren, Mannen som skulle stelle hjemme, Askeladden som kappåt med trollet og Tornerose. I tillegg har me sett nokre eventyr på film. Veldig kjekt å sjå kor engasjert barna blir når me fortel eventyr, og dei kan gjenfortelje mykje av det dei har høyrte! Berre spør dei☺ Me har til og med vore og sett i heksehuset, men fann ikkje hekse heime. Me håpar at me finn peparkaker i desember!

Me har og hatt brannvernveke med besøk av brannbil og eiga brannøving i barnehagen. Alle var raske ut, sprang på sokkane og fann plassen i rundkjøringa.

Tema i oktober

-å vera trist, glad, sint

-kropp, rørsle og helse

-trafikkveke

Det blir også foreldresamtalar i oktober. Samtalen på hausten er obligatorisk.

Følg med på heimesida vår, og husk det kan vera greitt å abonnere på nyheiter. Då får du ein e-post kvar gong me legg ut noko nytt.



Helsing oss på Sommarfugl

